



**Kvelv over kvelv:** Tre av aktørane under søndagnes framsyning. f.v. Odd Goksøyr, Miki Campins og Gunn Marthe Pieroth. I tillegg bestod ensemblet av Øystein Orten, Ståle Helvig og Jan Thormodsæter.

# Heilstøyppt framsyning

«Kvelv bakom kvelv utan ende - musikken i orda, orda i musikken» vart ei flott oppleving.

● **Jorulf Myrene**  
jorulf@vikebladet.no

Då dei første mektige tonane frå orgelet fylte kyrkjeskippet, forstod dei framme at dette ville verte ei interessant reise. Orgelmusikken i prologen sette, saman med Gunn Marthe Pieroth si klare songrøyst, standarden for resten av kvelden. Og standarden var høg. Det er alltid ei glede å få oppleve dyktige og flinke folk i samspel med kvarandre slik tilfellet var i ulsteinkyrkja søndagskvelden.

- La musikken og tekstane bade dykk, var Odd Goksøyr si enkle oppmoding til dei rundt 90 som hadde løyst billetten.

Tittelen for denne konserten, om ein då kan kalle det ein

konsert - arrangørane kallar det «Tonesett Lyrikk og Lyrikk til tonefølge» - er henta frå Tomas Tranströmers dikt, «Romanska bågar»:

«Skäms inte för att du är människa, var stolt! Inne i dig öppnar sig valv bak om valv oändligt.»

- Mennesket er som ein katedral under bygging, kvelv bakom kvelv. Det finst høge kuplar og tronge krypter, skildra Øystein Orten og sa at vi kan utforske våre eigne kuplar og krypter, men også knyte band med andre. Dermed var han over på innleiinga til neste dikt, «Airmail». Også dette av Tomas Tranströmer.

## Arkitekten

Det er Odd Goksøyr som har vore arkitekten bak dette musikalske og tekstmessige bygget.

Omsetjingane av Robert Bly sine dikt er det Goksøyr som har gjort og det er også han som har sett melodi til dei andre dikta som er skrivne av To-



**Hjernen bak:** Odd Goksøyr har vor eomsetjar, komponist, tekstforfattar, songar og musikal.

mas Tranströmer, Øystein Orten og Jon Ove Ulstein.

## Heilstøyppt

Tekstane, musikken, omsetjinga, alt var gjennomgåande heilstøyppt. Vi let oss også imponere over tekstane som batt saman dei ulike innslaga. Lik

ein katt som alltid landar på føtene, har tekstforfattar Goksøyr greidd å vri tematikken saumlaust frå det førre innslaget og over på det neste.

Mellom anna overgangen frå Robert Blys «Samson vert blinda» til Øystein Ortens «Song i urda», ein båndull.

- Dei fleste foreldre kjenner på ei uendeleg lukke og ei stor uro. Dette doble finn vi i båndullen, der er gråt og latter, ro og uro, forklarte Orten før «Song i urda» vart framført av Gunn Marthe Pieroth, akkompagnert av mellom annan munnharpe og marimba.

Konserten bestod av i alt 17 tonesette dikt, inklusive ekstranummeret som Goksøyr hadde lova dersom det ikkje ringde i meir enn to mobiltelefonar under konserten. I tillegg framført Ståle Helvig to musikkstykke, med utgangspunkt i tekstene.

Det er å vona at det det heile med tida vert tilgjengeleg på CD eller liknande.

I tillegg til Odd Goksøyr, som song og spelte gitar, deltok Øystein Orten som opplesar, Gunn Marthe Pieroth som songsolist og opplesar, Miki Campins spelte perkusjon og marimba, Ståle Helvig trakterte piano og orgel, medan Jan Thormodsæter spelte på bass i ulike utgaver.